



Arkivnr: 2014/1180-69

Saksbehandlar: Hans-Christian Engum, Eva Katrine Taule

**Saksframlegg**

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04.2016

## Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - status og vidare framdrift

### Samandrag

Regional areal- og transportplan har vore på offentleg høyring med frist 1. desember 2015.

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ koordineringsgruppe. Fylkeskommunen har vore sekretariat i arbeidet. I tillegg har det vore faglege temagrupper som mellom anna har kvalitetssikra utgreiingsarbeidet og har hatt moglegheiter til å kome med innspel i planutforminga.

Det er gjennomført fire større temasamlingar med brei deltaking der både kommunar, regionale og statlege organ, næringslivsrepresentantar, relevante fagmiljø og andre har vore godt representert.

Innan høyringsfrist har det har kome 29 høyringsinnspel. Det er stor breidde i desse, og ulik syn på behov knytt til endringar i planen.

Det er behov for å opprette politisk styringsgruppe for å gjennomføre den vidare prosessen opp i mot vedtak i fylkestinget.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesordførar om å opprette ei politisk styringsgruppe med deltakarar frå alle kommunane.
2. Fylkesutvalet vel fylkesordførar som leiar av styringsgruppa og gruppeleiarane på fylkestinget som representantar i styringsgruppa.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 18.03.2016**

## Bakgrunn

Regional areal- og transportplan vart starta opp i 2012 og er forankra i Regional planstrategi for Hordaland. Planområdet dekkjer dei 12 kommunane Bergen, Øygarden, Fjell, Sund, Askøy, Radøy, Meland, Lindås, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os.

I august 2013 vedtok Fylkesutvalet i Hordaland eit planprogram for arbeidet etter ein prosess som involverte alle dei 12 kommunane både politisk og administrativt. Planprogrammet definerer føremål, geografisk avgrensing, plantema og organisering av planarbeidet.

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe med representantar frå alle kommunane, i tillegg til alle gruppeleiarane og utvalsleiarane i Fylkestinget. Gruppa har vore leia av fylkesordførar. Det har og vore ein administrativ koordineringsgruppe der rådmenna/plansjef i alle kommunane har vore representert saman med Jernbaneverket, Statens Vegvesen og Fylkesmannen. I tillegg har det vore faggrupper innanfor dei einskilde plantema som har jobba med utgreiingar og faglege analysar. Det har vore ei rekke opne medverknadsarrangement med god deltaking.

På bakgrunn av planprogrammet har det blitt utarbeida eit planforslag som Fylkesutvalet sendte på offentleg høyring i juni 2015, jf. PS 174/2015. Høyringsfristen var i utgangspunktet sett til 1. oktober, men grunna kommuneval vart den seinare utsett til 1. desember.

## Organisering av planarbeidet

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ koordineringsgruppe. Fylkeskommunen har vore sekretariat i arbeidet. I tillegg har det vore faglege temagrupper som mellom anna har kvalitetssikra utgreiingsarbeidet og har hatt mogelegheiter til å kome med innspel i planutforminga.

## Medverknad

Det er gjennomført fire større temasamlingar med brei deltaking der både kommunar, regionale og statlege organ, næringslivsrepresentantar, relevante fagmiljø og andre har vore godt representert. Samlingane har fått fram og formidla relevant kunnskap, gitt høve til medverknad og skapt engasjement og forankring for planen. Tema på desse samlingane har vore senterstruktur, bustad- og næringsareal, transport og natur, kulturmiljø og landskap. Sistnemnde samling var i form av ein arbeidsverkstad med inviterte fagpersonar og interesseorganisasjonar.

## Kunnskapsgrunnlag

Det er gjort utgreiingsarbeid i samband med alle tema i planen:

1. Utgreiingsrapport Senterstruktur-, Asplan Viak
2. Utgreiingsrapport Næringsareal, Asplan Viak
3. Utgreiingsrapport transport, Asplan Viak
4. Utgreiingsrapport natur, kulturmiljø og landskap, Asplan Viak
5. Bustadbehov i Bergensområdet, AUD-rapport nr. 9 2014
6. Hovudstruktur for kollektivnettet i Bergensområdet, COWI
7. Fortettingspotensialet i Bergensområdet, AUD-rapport nr. 4 2015.

## Høyringsutkast

Planen gir gjennom mål og strategiar og planskildring retning for utviklinga av Bergensområdet. Planen har eit tidsperspektiv på tolv år. Behovet for planrevisjon vert vurdert kvart 4. år gjennom arbeidet med regional planstrategi.

Planforslaget som har vore på høyring har fem hovudtema:

- Senterstruktur og utbyggingsmønster
- Regionalt transportsystem
- Bustadområde
- Næringsareal og arbeidsplassar
- Natur, kulturmiljø og landskap

Planen inneheld retningslinjer for analysar, medverknad, arealplanlegging og transportplanlegging.

Retningslinene er eit verkemiddel for å oppfylla måla i planen. Retningsliner for arealbruk er knytt til tema senterstruktur og utbyggingsmønster, regionalt transportsystem, bustadområde, næringsareal og arbeidsplassar, natur kulturmiljø og landskap. Desse vil vere innspel til kommunal arealplanlegging. Retningslinene er grunnlag for vurdering av motsegn frå regionale organ, men må sjåast i ein heilskap med ulike interesser i den konkrete planen. Berre når nasjonale interesser og vesentlege regionale interesser er råka kan motsegn grunnjevast.

### Høyringsinnspel

Det har kome 29 høyringsinnspel i løpet av høyringa både frå statlege etatar, kommunar og organisasjonar. Det er stor variasjon i innspela, nokre gir støtte til planforslaget slik det føreligg, mens andre vil ha endringar. Det blir peikt på alt frå mindre og heilt konkrete forslag til endringar, til meir gjennomgåande usemje i deler av planens føringar.

Det vil bli utarbeidd ein høyringsrapport der alle innspel vert gjort greie for og vurdert.

### Vidare prosess

Etter vedtak om høyring av planforslaget har det vore val og skifte av politisk styre både i fylkeskommunen og i ein del av kommunane. Det er behov for å forankre arbeidet på ny og det vil vere nyttig å etablere både ny styringsgruppe og administrativ koordineringsgruppe for å sikre samordning i den vidare prosessen. Dette vil kunne sikre ei betre forankring både i nytt fylkesting, men også i kommunane. Det er viktig med gode prosessar som involverer kommunane for å kome ut med ein plan som kommunane i størst mogeleg grad stør opp om.

Det vert anbefalt at fylkeskommunen etablerer ei ny styringsgruppe. Styringsgruppa har vore rimeleg stor med deltaking frå alle ordførarar, alle gruppeleiarar og utvalsleiarar på fylkestinget, i tillegg til fylkesordførar. Fylkesrådmannen ser likevel at det er viktig at alle kommunane er representerte i dette arbeidet, samt at forankringa hos fylkespolitikarar er viktig. Det vert difor tilrådd at styringsgruppa bør bestå av fylkesordførar, gruppeleiarar og politisk deltaking frå alle dei 12 kommunane.

### Framdrift

Det vert tatt utgangspunkt i eit mål om vedtak av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet i fylkestinget i desember 2016. Om dette er realistisk avhenger av kor store endringar i planutkastet styringsgruppa legg opp til. Blir det større endringar i plandokumentet kan det vere behov for fleire møter og meir tid til prosess. Dersom endringane blir betydelege må ein og vurdere om det er naudsynt med ny offentleg høyring. Endeleg framdriftsplan vert fastsett av styringsgruppa i første møte.

### Oppsummering

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet har vore på høyring. Planforslaget som har vore på høyring har fem hovudtema:

- Senterstruktur og utbyggingsmønster
- Regionalt transportsystem
- Bustadområde
- Næringsareal og arbeidsplassar
- Natur, kulturmiljø og landskap

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ koordineringsgruppe. Fylkeskommunen har vore sekretariat i arbeidet. I tillegg har det vore faglege temagrupper som mellom anna har kvalitetssikra utgreiingsarbeidet og har hatt mogelegheiter til å kome med innspel i planutforminga. Det er gjennomført fire større temasamlingar med brei deltaking der både kommunar, regionale og statlege organ, næringslivsrepresentantar, relevante fagmiljø og andre har vore godt representert.

Innan høyringsfrist har det har kome 29 høyringsinnspel. Det er stor bredde i desse, og ulik syn på behov knytt til endringar i planen.

Det er behov for å opprette politisk styringsgruppe for å gjennomføre den vidare prosessen opp i mot vedtak i fylkestinget.